



Hordaland fylkeskommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2968 - 15/20526

Saksbehandlar:

Nina Randal

nina.randal@meland.kommune.no

Dato:

17.11.2015

Søknad om midlar til utarbeiding av Frivilligmelding i Meland

Frivilligmelding for Meland kommune

Meland kommune er ein vekstkommune der nær 30 % av befolkninga er under 18 år. Veksten i folketal vil dei næraste åra vere frå 2.5% og heilt opp til 5 % enkelt år. Samstundes har kommunen ein stram økonomi, med dei utfordringar det gjev.

Kommunen har eit rikt kulturliv og ein lang tradisjon med frivilligheit. Dette skaper trivsel, identitet, og har førebyggjande effekt. Ei frivilligmelding er eit viktig redskap for å synleggjera og ivareta desse verdiane i ein vekstkommune som har stor innflytting frå andre kommunar.

Tiltaket:

Meland Frivilligsentral vedtok i styremøte 5.mai 2014 å rå Utval for levekår (ULK) til å iverksette oppstart av Frivilligmelding i Meland. Saka var oppe i ULK 3.juni 2014 der det vart vedteke å iverksette styret i frivilligsentralen sitt vedtak. Meldinga skulle handsamast i kommunestyret innan september 2015. Grunna sjukemelding vart arbeidet med meldinga utsett og startar opp igjen no i november 2015. Prosessen med å setje ned ei arbeidsgruppe er i gong. Arbeidsgruppa har følgjande samansetjing:

- 1 representant frå Fellesrådet
- 1 representant frå Idrettsrådet
- 1 representant frå Ungdomsrådet
- 1 representant frå Kulturråd

Dagleg leiar frå Frivilligsentralen er sekretær for gruppa.

Gruppa sitt mandat er:

- oversikt over lag og organisasjonar i Meland
- Kartleggje arbeidet frivillig lag, organisasjonar og enkeltpersonar legg ned i dei ulike samfunnsektorane.
- Nye arenaer for frivillig innsats
- Trekke opp liner for korleis kommunen kan styrke arbeidet med å auke frivilligheita
- Tydeleggjere kva frivillig sektor kan forvente i samarbeid med kommunen og korleis dette samarbeidet kan utviklast.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Forventa effekt:

Ei frivilligmelding har som føremål å gje aukt kunnskap og fokus på frivilligheita. Med aukt kunnskap og fokus vil vi også bidra til å fremje levande lokalsamfunn, skape møteplassar, deltaking og utvikle stadidentitet. Fokus på å inkludere alle mennesker – legge til rette for at sosiale skilnader som lav inntekt, minoritetar og mennesker med nedsett funksjonsevne blir inkludert. Synlegjering av samarbeidsformer som eksisterer i dag gir grunnlag for nye samarbeidsformer mellom frivilligheita og det offentlege. Då er det viktig å syne kva frivilligheita kan forvente i samarbeid med kommunen og korleis dette kan utviklast ved å betre kommunikasjonslinjene mellom det offentlege og det frivillige. Viktige komponentar i eit folkehelseperspektiv. Me vil ha eit aktivt og trygt samfunn for alle.

Framdrift:

Tenesteområdet kultur og Frivilligsentralen inviterer to gonger i året alle lag og organisasjonar til Frivilligforum. Dette forumet er ein viktig samarbeidspartnar og bidragsytar til Frivilligmeldinga. Forumet er ein møteplass mellom det offentlege og frivilligheita i kommunen, og skapar samhald og involvering.

November:	Frivilligforum 18.november
Desember og utover våren:	Møter arbeidsgruppa
Desember og utover våren:	Kartlegging av lag og organisasjonar i Meland
Februar -	Løypemelding til ULK
Februar/mars:	Frivilligforum
Sommar/tidleg haust:	Godkjenning av Frivilligmelding i kommunestyret

Finansieringsplan:

Meland Frivilligsentral søker om 40.000,- til å utvikle ei frivilligmelding i samarbeid med frivillig sektor. Pengane er tenkt nytta til å gje arbeidsgruppa fagleg kunnskap om planarbeid – t.d samling over 1 til 2 dagar med innleigde kompetanseleverandørar. Til kjøp av tenester - t.d. innsamling av informasjon. Involvere og synleggjere frivilligmeldinga for Meland kommune sine innbyggjarar , ved å trykkje opp nok eksemplar til å dele ut til alle frivillige lag/organisasjonar og frivillige prosjekt i Meland kommune.

Skolering av arbeidsgruppa:	10.000,-
Kjøp av tenester:	25.000,-
Lokale frivilligheita	5.000
Totalt	40.000,-

Med helsing

Bente Bing Kleiva
leiar kultur

Nina Randal
dagleg leiar Frivilligsentral

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedtaksbrev
Referat styremøte i Meland Frivilligsentral (11568)

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune

Mottakere:
Hordaland fylkeskommune